

NVE
Postboks 5091, Majorstuen

0301 OSLO

Deres ref.

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)
Sak nr. 2018/10838 / AOD

Dato
04.01.2019

UTTALE TIL HØYRING AV NY PLANENDRINGSSØKNAD FOR BLÅFJELL PUMPE

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for om lag 4500km² verna areal i Setesdal og Ryfylkeheiane. Dei tekniske inngrepa det er søkt om i samband med Blåfjell pumpe er lokalisert om lag 5km nord for Lusaheia landskapsvernområde og inngår såleis ikkje i det verna arealet.

Verneområdestyret vel likevel og uttale seg om planendringane av omsyn til villreinstamma i området. Villreinen og i varetaking av villreinstamma sine leveområde er heilt sentrale verneføremål i fleire av verneområda verneområdestyret har forvaltningsmynde for, og dei planlagde inngrepa vil ha negativ innverknad på villreinen i området.

Villreinstamma i Setesdal – Ryfylke villreinområde er allereie sterkt prega av inngrep i samband med kraftutbygging. Dette har allereie resultert i stengte trekkvegar og neddemde beiteområde slik at villreinstammen er i ferd med å bli delt i to. Til dømes blir områda ved Blåfjell bruka mindre regelmessig og av færre dyr enn før Ulla-Førre utbygginga.

Ei kvar tilleggsbelastning i denne området er derfor til ulempe for villreinen. Bygging av to nye pumpestasjonar som vil ligge ute i dagen vil skape nye vandringshinder, og dersom det i tillegg er knytt lys og/eller lyd ureining til pumpestasjonane vil villreinen truleg ikkje bruke området etter utbygginga. I denne nye søknaden er og eit positivt villreintiltak som terskelen over Store Giljvatnet teken ut.

Verneområdestyret ber derfor om at søknaden om planendring ikkje blir godkjent.

Bjørn Laugaland

Styreleiar SVR